



# Før huset brenn ned

**Taler**

Einar Førde

**Dato**

3 april 1981

**Omstendigheter**

Arbeiderpartiets landsmøte

- 1 I oktober i fjor sende prinsippprogramkomiteen ut utkastet til program. Om  
dette programutkastet har det vore sagt mykje godt. Men mange har også meint  
at det var for vanskeleg, for tungt å lese og for omfangsrikt. Einskilde har nok  
sett for seg prinsippprogramkomiteen som ein gjeng av livsfjerne akademikarar  
5 som har prøvd å gjere enkle ting vanskelege gjennom krønglete formuleringar.  
Mange har også meint at deler av programutkastet er keisame og vanskelege å  
kome gjennom.

- 10 Det finst ei historie om ein italiensk brotsmann som fekk velje straff. Anten  
måtte han bli galeislave eller så skulle han lese heile Guicciardini's historie.

- Han valde historia. Men da han kom til kapitlet om krigane med Pisa, vart det  
for mykje for han. Han orka ikkje meir lesing, valde slavelivet og tok årene fatt i  
staden. Historia har gjort stort inntrykk på oss. Derfor ligg det nå føre til  
15 landsmøtet eit revidert utkast til prinsippprogram. Det er basert på reaksjonane  
frå medlemmene og laga. Det er vesentleg kortare og - trur vi - vesentleg enklare  
å lese enn de førre utkastet.

- Men det er grenser for kor enkelt vi kan gjere dette. I sjølvforsvar kunne nok  
20 komiteen mumle mot klagene om at dette vart for vanskeleg: Kva i all verda ville  
dei sagt om det kommunistiske manifestet? Vi kan heller ikkje innfri ønske om å  
komprimere prinsippprogrammet ned til ei A4-side. Ein får ikkje riktig med seg  
alt som står i den store boka berre ved å lese Bergpreika. Vi har sett det som ei  
sjølvstendig utfordring ikkje å gjere problema og utfordringane enklare enn dei  
25 er. Det er eit urovekkande teikn i tida at mange under trykket av svært  
kompliserte samfunnsproblem leitar etter svært enkle løysingar. Det er for  
mange Friedman'ar ute og går. For mange politiske hormonpreparat og

askeavkok er på tilbod om dagen. Den rørsla som skal gjere seg von om å  
30 påverke utviklinga i 80 og 90 åra, må fange kompleksiteten i vårt samfunn og  
vår tid. Vi ville lage eit program som ikkje undervurderer folks innsikt om kor  
samansett dette samfunnet er og korleis problema grip inn i kvarandre.

Dette programmet er ikkje ein invitasjon til å lette frå jorda og gi seg inn i  
35 langsiktige og livsfjerne teoriar og prinsipp. Draumane våre skal ha forankring i  
kvardagen og i vårt samfunns utfordringar. I eit japansk Haiku-dikt heiter det:

Huset mitt har brunne ned.

40 No kan eg alltid

sjå på månen.

Programmet er ein invitasjon til å sjå opp og fram før huset brenn ned. Vi har  
45 ønskt å leggje grunnlaget for ein prinsippdebatt som skulle vere rotfesta i den  
politiske røyndomen som vanlege partimedlemmer opplever som sin. Det er  
også den einaste prinsippdebatten vi har tradisjon for å føre. Vi har ønskt å sjå  
debatten om prinsippprogrammet i nær samanheng med utarbeidinga av  
arbeidsprogrammet. Eit viktig formål med prinsippprogrammet er å gi mål og  
50 meining til dei små skritta og dei pinefulle avvegingane vi må gjere kvar dag.

Vi lever i ei tid der folk er usikre om vegen fram. Pessimismen rår i det moderne  
industrisamfunn. Det synest lenge, lenge sidan at vi kunne karakterisere  
framtida som gyllen. Vi trur ikkje lenger at vitskap og teknologi kan avskaffe  
55 problema for oss. Den vitskapen og teknologien som for 20 år sidan lovde oss  
uendelege nye horisontar, syner oss nå først og fremst nye grenser for vår  
utvikling og vekst. Dei generasjonane som lever i dag, har ei sterk kjensle av å  
leve i ei overgangstid. Dette programmet prøver ikkje å gi inntrykk av at vi har  
funne svara på 80 og 90 åras utfordringar. Det beste vi kan gjere oss von om, er å  
60 lage eit program som gjer det lettare for oss å orientere oss i tilveret, og som  
varsamt stakar ut ein kurs. Derfor er det livsviktig for partiet og for  
medlemmene våre at denne debatten kan halde fram. Det programmet vi vedtar  
på dette landsmøtet, bør vi sjå på først og fremst som eit grunnlag for ein ny  
kontinuerleg debatt. Det vil vere ei hovudoppgave for partileiinga å syte for at  
65 denne debatten har liv også etter at landsmøtet er over.

Eit viktig utgangspunkt for denne debatten bør vere at det har kome nytt liv til dei kontinuerlege påstandane om at arbeidarrørsla og sosialdemokratiet har  
70 utspelt si rolle i det norske samfunnet. Den debatten bør vi sjå rett inn i kvitauga og sjølv stille spørsmål om det verkeleg er så at dei verdiane og dei prinsippa som arbeidarrørsla har tilført det norske samfunnet, nå først og fremst er vakre antikvitetar som høyrer fortida til. Kva livsrom vil det vere for verdier som solidaritet og likskap i åra som kjem? Er framtida verkeleg så dystert at ho høyrer  
75 Milton Friedman til?

70-åra har først og fremst synt kor utrygge og sårbare dei er, dei rikaste og høgst utvikla samfunn verdshistoria kjenner. Den mest dramatiske kunnskapen om dette fekk vi med den såkalla oljekrisa. Noen få ørkensjeikar fekk amerikanarane  
80 til å stå i kilometerlange køar framfor bensinpumpene. Det vart som når ein hjartepasient fekk sitt første infarkt. Vi fekk eit varsel og ei påminning om at framtida ikkje nødvendigvis blir lik det som har vore. Vi fekk fleire slike varsel. I dag strir vi med inflasjonen vi ikkje greier å kontrollere, drastisk redusert vekst, mindre produktivitet, og det gamle spøkelset arbeidsløysa, meir påtrengjande  
85 synleg og aggressivt. Stilt overfor desse problema vart våre samfunn paralyserte. Trua på at desse problema kan løysast er nokså skrøpeleg. Og den politikar som ikkje trur, har mist ein vesentleg føresetnad for å kunne handle.

Ein vesentleg del av vår sosialistiske arv er innsikta om at menneska sjølv skaper  
90 si historie. Trua på at problem kan løysast og utfordringar møtast har vore ein heilt vesentleg føresetnad for arbeidarrørslas verke. Vår tid og vårt samfunn treng i alle fall ny tilførsel av denne innsikta. Det er krefter i mennesket og ikkje utanfor det som skal styre utviklinga. Det er behov for den rasjonaliteten overfor problema som sosialismen først og fremst brakte med seg inn i den  
95 europeiske ideverda. Å gjenreise trua på framtida er ei stor og sjølvstendig oppgave. Menneska skaper sjølv si historie. Dersom vi søkk, er det fordi vi ikkje vil symje. Vi kan symje.

Om vi ser på kva det norske og nordiske sosialdemokratiet har bidratt med til  
100 den politiske utviklinga i Europa og verda, vil vi knapt våge kalle dette bidraget sosialisme. Vi ville vere varsame med det endå om det nok i våre samfunn er utvikla reformer som toler samanlikning med det ein finn i land som med større frimod kallar seg sosialistiske. Det vesentlegaste bidraget, etter mitt syn, kan vi kanskje kalle kollektiv forstand. Vi har utvikla samfunnssystem og sosiale tilhøve  
105 som har gjort det mogleg å handle fornuftig på vegner av oss alle. Vi har hatt ei

jamn utvikling i dette hundreåret der vi i stigande utstrekning overførte oppgaver til fellesskapet. Problema skulle ikkje privatiserast, fordi dei fleste av dei var problem som kvart menneske delte med mange andre. Handlekraftige fellesskapsorgan vart utvikla og stadig styrka. Demokratiet vart meir levande ved at vi i stigande utstrekning kunne ta omsyn til fellesnyttan. Det idemessige grunnlaget for denne utviklinga var nettopp arbeidarrørslas gamle våpen, solidariteten slik det var smidd av dei første generasjonane i denne rørsla. Nå seier dei at den skandinaviske modellen er i krise. Det er nettopp fordi solidariteten er svekka. Vi greier ikkje lenger i utprega grad mobilisere vår kollektive forstand. Det blir tyngre og tyngre å bere fram fellesskapsløysingar.

Privatiseringa og individualiseringa av problema har vind i segla. Dette er vår tids viktigaste ideologiske skisma. Det som nå skjer i dei skandinaviske demokratia, vil vere ytterst viktig for lagnaden til fellesskapsløysingane og solidaritetsprinsippet over alt i verda. Ja, vi kan kanskje til og med påstå at det som skjer i Noreg, er ekstra viktig. I denne samanhengen er vi ikkje berre 4 millionar menneske. Det som gjer oss spesielle, er at vi ikkje lenger er fattigguten eller Askeladden som starta med to tomme hender og som sjølv har skapt alt. I åra som kjem skal vi også spele rolla som den velståande arvingen som fekk nye store rikdomar. Mange vil sjå med interesse på korleis vi greier å forvalte dei rikdomane. Nettopp i dette samfunnet vil det vere interessante prøvesteinar på kor livsdugeleg solidaritetsprinsippet og den kollektive forstanden er.

Vi ser nå korleis mange regjeringar og mange land har starta med å frigjere seg frå den kollektive forstanden og den kollektive styringa. I USA og Storbritannia skal ein nå frigjere marknadskreftene, redusere dei sosiale ytingane og overføre skattetrykket ytterlegare fra dei som har mykje, til dei som har lite og ingenting. Styringskreftene skal nettopp ikkje vere fellesskapet, men marknaden. Tanken er at dei alvorlege problema anten det er inflasjonen eller arbeidsløysa, vil bli løyste "i det lange løp". Løpet ser ut til å kunne bli svært langt. La oss ta fram eit stolt sitat frå Harry Hopkins, rådgivar for president Roosevelt under New Deal: "Folk et ikkje i det lange løp. Dei et kvar dag." Samtidig ser vi at noen land greier seg betre. Eitt av dei er Japan. Det er pr. definisjon eit kapitalistisk land, og det er mangt der vi ikkje vil kopiere. Men studerer ein utviklinga i Japan dei seinaste åra, blir ein slått av ikkje den klassiske kapitalismen, men tvert om av samfunnets evne til å mobilisere kollektivforstand både nasjonalt og på bedriftsplanet. Her finst ei langsiktig rasjonell styring, t.d. med investeringar og planlegging. Samfunnet og bedriftene syner stor evne nettopp til å prioritere

felles nytte.

Kan det tenkjast at dei skandinaviske samfunna held på å sakke etter når det gjeld evne til å sette solidariteten ut i praktisk politikk og styre utviklinga. For  
150 mykje i vårt samfunn gir ikkje inntrykk av evne til å prioritere felles nytte. Vi er på veg mot ei krise for dei kollektive avgjerdene. Fleire og fleire oppfører seg først og fremst som medlemmer av ein eller annan lobby.

Arbeidarrørslas store historiske innsats var å samle gruppesolidariteten til ein  
155 klassesolidaritet og seinare byggje opp ein samfunnssolidaritet. På skandinavisk utvikla vi tanken om "folkhemmet". Alle kan nå sjå at denne samfunnssolidariteten slår sprekker, og vi vender tilbake - ikkje til klassesolidariteten, men til gruppesolidariteten. Og gruppene har ein tendens til å bli mindre og mindre. Desse gruppene tenkjer nettopp ikkje på felles nytte.  
160 Dei krev tvert om alle det som kollektivt er umogleg. Den som vil, kan observere det nå i debatten om dei auka bensinprisane. Vi kan sjå også korleis det blir vanskelegare og vanskelegare å ta kollektive avgjerder, fordi ei eller fleire minoritetsgrupper alltid har ein sjanse til å stoppe slike avgjerder. Eg skal ikkje nemne den saka vi alle tenkjer på i denne samanhengen, men ei anna. Det kan  
165 hende at det ut frå Noregs samla interesser og energiforsyning ville vere fornuftig at vi bygde eit varmekraftverk i dei folkerike delene av landet. Det ville gi vår energipolitikk større fleksibilitet, og vi ville vere mindre avhengig av ei energiform. Det varmekraftverket kjem ikkje til å bli bygd fordi ingen vil ha det.

170 Geografien er ein vesentleg faktor for å forstå korleis samfunnssolidariteten slår sprekker. Lokale krav som isolert sett er heilt rettkomne, sympatiske og forståelege, puleriserer vår kollektive handlekraft fordi summen av dei lokale krave er eit reknestykke som i det heile ikkje går i hop. Den som vil, kan nå sjå at  
175 Harald Hårfagres livsverk på mange vis er i ferd med å slå sprekker. Vi som sit med ansvar for dei store og ressurskrevjande sektorane i vårt felles hushald, kan observere sterkt aukande balkanisering av det norske kartet. Systemet er nettopp ikkje prega av kollektiv forstand. Det minner om eit stort skøytestevne på eit fullsett Bislet der ein person reiser seg for å sjå betre. Straks er det fleire som ser  
180 dårlegare og som også reiser seg. Fleire og fleire reiser seg, og til slutt har alle det mykje dårlegare fordi dei må stå. Men den som på eiga hand set seg, er sjølvsagt den dummaste av alle, for han ser ingenting. Utfordringa er såleis: Korleis skal vi få alle til å setje seg att?

Solidariteten er i ferd med å miste fotfestet, i ei tid som krev ikkje mindre, men meir solidaritet og betre kollektiv forstand. Problemet er ikkje så mykje at vi ikkje veit kva vi burde gjere, som at systemet ikkje tillet oss å gjere det. Det gir nytt spelerom for tankegoods som slett ikkje er nytt eller "på parti med fremtiden", men tvert om idear som generasjonane før oss i arbeidarrørsla møysommeleg har forkasta og arbeidt seg ut av. Det blir større rom for dei overfladiske og enkle forklaringane. Ein direktør i Industriforbundet meiner at hovudproblemet er at nordmenn er særleg late. Kamouflert som krav om at systemet skal ha større produktivitet, kan vi nå oppdage at draumen om større ulikhet i samfunnet får ein renessanse. Dei seier ikkje direkte at dei arbeider for større ulikhet. Dei seier at nå må vi i større grad premiere dei dyktige, vellukka, iderike og produktive. Samstundes foreslår dei belønningssystem som slett ikkje vil premiere dei dyktigaste og mest iderike, men dei mest fingerferdige med pengar og dei som kjenner minst kollektivt ansvar. Milton Friedman's fridom til å velje er ein fridom for dei få og dei sterke.

Vårt ansvar for denne situasjonen er av historiske dimensjonar. Det ligge først og fremst til oss å gjenreise trua på den kollektive forstand og evne til å handle i fellesskap. Dersom vi går inn i den framtida vi nå kan sjå med eit system som er ute av stand til å samle individuelle ønskje i rasjonelle fellesskapsløysingar, kan det kome til å gå riktig gale. Mobiliseringa på vegner av solidariteten og likheten er ikkje ei mobilisering vi først og fremst skal gå til for å sikre Arbeiderpartiets eller einskildpersonars makt i dette samfunnet. Den mobiliseringa skal vi gå til fordi svekking av desse prinsippa vil gjere framtida utrygg for dei fleste vanlege menneske i dette landet. Det er berre denne rørsla som kan ta hovudansvaret for ei slik mobilisering. Vi skal ikkje lure oss sjølv og gjere denne oppgava enklare enn ho er. Vindane blæs ikkje slik at desse arbeidarrørslas grunnleggjande verdiar har dei i ryggen. Men det er mi tru at vi grovt har undervurdert den appellen som solidaritet og likhet har også til yngre generasjonar. Det er attraktive idear som vi har marknadsført nokså dårleg. Oppgava er ekstra vanskeleg fordi vi ikkje må prøve å gi inntrykk av at dei kollektive løysingane er ein sum av pilpulære einskildønske. I stigande utstrekning vil dei mest fornuftige kollektive løysingane - i alle fall på kort sikt - vere upopulære avgjerder. Men kanskje det nå er eit politisk klima for å seie nettopp dette. Kanskje vil respekten for Arbeiderpartiet og for vår evne til å handtere problema auke dersom vi ikkje i så stor grad gir inntrykk av at ein kan få både i pose og sekk. Det er til dømes heilt på det reine at dersom vi i tida som kjem skal kunne gjere noe effektivt med

inflasjonen, så må dei fleste av oss i alle fall på kort sikt vere villige til å redusere  
225 krava til reallønnsutvikling. Eg har ikkje sett noke reknestykke som kan gi oss  
det resultatet vi alle intenst som medlemmer av eit fellesskap ønskjer, utan at det  
har denne heilt konkrete upopulære sideverknaden for kvar einskild av oss som  
individ.

230 Til nå har veksten vore vår måte å løyse mange problem på. Når det vart meir til  
alle, var det også lettare å gi litt til alle. Systemet verka meir rettferdig da, sjølv  
om det kanskje ikkje alltid var slik at godene vart så rettferdig og likt fordelte. Eg  
blir meir og meir sikker på at vi framleis skal arbeide for økonomisk vekst.  
Mange problem kan bli heilt utolelege dersom vi ikkje makter å halde oppe ein  
235 vilje til å yte stadig meir. Likevel må vi alle innsjå at slik verda i dag ser ut, er det  
utenkjeleg å basere vår kollektive forstand på at alle skal få meir heile tida. Vi er  
inne i ein smertefull omstillingsprosess. Arbeiderpartiet har også ansvaret for at  
denne omstillingsprosessen kan skje utan at ansvaret kjem i hendene på dei  
politiske heksedoktorane som nå huserer i Storbritannia. Det beste vi kan seie  
240 om den norske arbeidarrørslas innsats, er kanskje at dette samfunnet er meir  
prega av likskap enn noe anna samfunn i verda. Det er mindre skilnad på folk i  
Noreg enn i noe anna samfunn. Likevel blir vi dagleg minte om at dette med å  
vere tilfreds, er eit relativt spørsmål. Vi er rikare enn vi nokon gong har vore  
både som samfunn og dei fleste av oss som individ. Likevel ser vi at det i  
245 gruppesolidaritetens farvatn utviklar seg fenomen som gjer at vi møter 80-åra  
med eit samfunn mange vil karakterisere som "sytesamfunnet". Problem som for  
20 år sidan var marginale, vår i dag enorme dimensjonar. Og sytesamfunnet er  
den dårlegast tenkelege jordsmonn for solidaritet og kollektive løysingar.

250 Det blir viktigare og viktigare for oss å vere trygge. Slik tidene er og framtida kan  
kome til å arte seg, skal Arbeiderpartiet gi vanlege folks tryggleik den høgste  
prioritet. Men det kan vi som parti og Noreg som samfunn ikkje gjere ved å  
svekke vår evne til å handle i fellesskap. Det paradoksale er at så mange av dei  
som vil svekke den kollektive forstanden og fellesskapets evne til å handle, sjølv  
255 vender seg mot det same fellesskapet når dei vil ha vern mot sine eigne feil og  
dårlege vurderingar. Det blir nødvendig for oss å gjere oss opp ei meining om  
kva som er fellesskapets ansvar når det gjeld å gi tryggleik. Fellesskapet har nå  
ansvar for tryggleik ikkje berre i sosialpolitisk forstand, men også i  
næringspolitisk forstand. Dersom alle dei som i prinsippet er for fri konkurranse  
260 og som når dei held festtalar prisar den frie marknaden, hadde vore  
konsekvente, ville fellesskapet ha vore letta for store, tyngande oppgaver.

Det er ein del av den kollektive forstandens forfall at vi alle er inkonsekvente.

265 Dersom kollektiv handling er nødvendig for å auke vår levestandard og vår tryggleik, er vi sterkt for det. Dersom det begrensar vår eigen handlefridom, aukar andres levestandard, eller kortsiktig reduserer vår eigen, er vi mot kollektiv handling. Dette er hovudårsaka til at vi ikkje er så handlekraftige som vi burde vere. Vi veit meir om samanhengane i vårt samfunn og om konsekvensane av det

270 vi gjer, enn noen tidlegare generasjon har gjort før oss. Grunnlaget for kollektiv handling skulle vere betre enn tidlegare. Dersom dette var eit spørsmål om innsikt og kunnskapar, skulle det vere sterkt grunnlag for å sjå optimistisk på framtida.

275 Men det vesle vetet og kunnskapane rekk ikkje heilt fram. Her må også finnast rom for visjonar, tru og draum. Det viktigaste arbeidet som er gjort ved denne revisjonen av prinsippprogrammet, er forsøket på å skrive ein grunnsynsdel som kan møte 80- og 90-åra. Vi ville gjerne prøve dei gamle, forslitte omgrepa mot ei ny tids utfordringar. Vi såg at fridom, likskap, solidaritet og retten til arbeid

280 ikkje var sjølvsgatte verdier i den politiske røyndomen. Vi har sett dei på prøve. Og det er resultatet av denne prøva som blir lagt fram for landsmøtet.

Programhandsaminga så langt har synt stor oppslutning om desse verdiane og partiets tradisjonelle identitet. Våren 1980 gjennomførte vi eit rådslag om

285 viktige sider av prinsippprogrammet. Mange arbeidde med dette rådslaget, og vi fekk inn ein del svar av uvanleg høg kvalitet. Mange har også reagert skriftleg på programutkastet frå oktober. I tillegg er det denne gongen halde uvanleg mange møte om prinsippprogrammet i alle fylke og i mange partilag. Denne omfattande høyringa har synt at svært få meiner at vi skal møte framtida gjennom eit

290 oppgjerd med fortida. Vi skal vinne nye grupper og nye generasjonar gjennom å styrke våre røter, ikkje ved å hogge dei av. Denne gongen er det få som reiser spørsmål ved partiets namn. Det er heller ingen stemning for at vi skal kvitte oss med begrepet sosialisme. Dei fleste av våre medlemmer og vener knyter positive kjensler og meningsfylt innhald til det omgrepet.

295 I reaksjonane frå laga kan vi likevel sjå kimen til ein diskusjon om sosialismen også på dette landsmøtet. Det er noen som ikkje likar at vi har tatt ut setninge: "Det norske Arbeiderpartis mål er et sosialistisk samfunn". I staden står at at "Det norske Arbeiderparti bygger sin politikk på den demokratiske sosialismens

300 prinsipper." Vi har gjort det for sterkare å understreke at vår sosialisme ikkje er

ein avslutta tilstand, men ein prosess. Vi vil alltid vere under vegs. Aldri er vi meir hjelpelause enn når noen ber oss beskrive korleis det sosialistiske samfunnet skal sjå ut. Det er heit naturleg. Interesse for det endelege målet har  
305 alltid vore nokså lita i norsk sosialisme. Ja, meir enn det: Den same mangelen på klare tankar om dette målet pregar også dei sosialistiske klassikarane. Vegen fram var alltid meir interessant enn endepunktet. I komiteen meiner vi derfor at vi har brakt prinsippprogrammet på dette punktet meir i samsvar med den politikken og praksisen vi har følgd dei siste 50 åra. Samsvar mellom liv og lære er  
310 eit godt prinsipp.

Arbeidarrørsla er ei fridomsrørsla. Det er viktig å understreke dette fordi det er på dette punktet at den konservative kritikken mot vårt parti har vore mest aggressiv. Vi skal ta den kritikken alvorleg. Men den kjennes sjølvsagt urettvis,  
315 særleg for dei generasjonane som klarast kunne sjå kor fridomsutvidande arbeidarrørslas verke har vore i vårt land. Det var dette partiet som gjorde det klart for det norske folket at fridomen er udeleg og at fridom ikkje er ein rett til å utbytte eller skape ufridom for andre. Vi gir i dette programmet vår kompromisslause tilslutnad til våre demokratiske og borgarlege fridomar og til  
320 dei grunnleggande menneskerettane. Men samtidig vil vi klargjere kor spinkelt og utilstrekkeleg fridomsbegrepet blir dersom det berre skal tyde fråver av ytre tvang. I våre dagar og tider er det blitt meir påtrengjande enn før å understreke at fridomen har ein sosial dimensjon. Sidan sist vi skreiv prinsippprogram, er vi blitt meir merksame på dei grensene naturen set for vår utvikling og på dei  
325 sosiale grensene for fridomen. Bilen har vore eit framifrå reidskap for å utvikle vår fridom. Men blir det for mange bilar og alle som køyrer bil prøver å kome unna sosiale reguleringar, blir fridomen drastisk redusert for oss alle. Stadig fleire av våre mål kan vi berre nå gjennom samvirke. Fridomen krev altså sosial organisering eller igjen evne til kollektiv forstand og handling. Vi lever i eit fritt  
330 samfunn. Nå må vi fylke oss til strid mot dei falske profetane som marknadsfører sin ufridom under fridomens fane.

Eit anna av våre gamle slagord som har krav på fotsvar mot vulgær kritikk, er likskapen. Tanken om alle menneskes like verd er ein nødvendig føresetnad for  
335 vårt grunnsyn. Men i våre prinsipp og i vår praktiske politikk har vi også prøvd å verne mangfoldet. Vi vil ha eit samfunn med variasjon og høve for menneska til å dyrke sin eigenart. Også dette godet er udeleg. Det skal omfate alle. Nedarvede privilegier og sosial ulikskap er eit hinder for variasjon og sjansane for alle menneske til å dyrke sin eigenart. Vi har også prøvd å vise at vårt arbeid

for større likskap i makt og ressursar må ha vidare siktemål enn strevet for formell likskap. Det vil igjen føre til at vi møter ny motstand. Men kampen for likskap og rettferd er ikkje blitt mindre aktuell sidan vi skreiv prinsippprogram for berre 12 år sidan. Mange vil meine tvert imot.

345

Når vi nå skal ut i valkamp med slagordet "arbeid for alle" som det viktigste våpen i vårt politiske arsenal, tek vi ikkje berre med oss ein dagsaktuell, kortsiktig målsetting. Vi har med oss eit prinsipp. Norsk arbeidarrørsle har særleg stolte tradisjonar når det gjeld å gi arbeidet første rang i sitt politiske strev. Vi kan seie at det gir dobbelt tyding til namnet arbeidarrørsle. Arbeidet formar menneska og tilhøvet mellom dei. Organiseringa av arbeidet er avgjerande for å kunne forstå og forandre samfunnet. Arbeid gir levebrød. Men det er også ein nøkkel til den einskildes sjølvrespekt. Tap av arbeidet tyder tap av kontroll over eige liv. Det er

355

blitt uhyggeleg nødvendig å minne om det. I mange land som også er våre naboar og beste vener, tvingar spørsmålet seg fram som ein kniv mot strupen: Kva skjer med demokratiet, stabiliteten og folks sjølvrespekt, når millionar av arbeidsføre menneske ikkje finn meningsfylt arbeid? Kva skjer med samfunnet og framtida når det blir særleg vanskeleg for dei unge generasjonane og dei svake? Det spørsmålet opptar ikkje Milton Friedman. Men for oss er dette det viktigaste vi har å gjere. Vi veit nå at den gamle målsettinga om arbeid for alle kan bli vårt mest radikale krav i åra som kjem. Det høyrer visseleg heime ikkje berre i arbeidsprogrammet. Det er eit prinsipp som vi på dette landsmøtet igjen skal slå fast at vi kompromisslaust vil forsvare. Vi har også Ønskt å aktualisere debatten om arbeidets innhald. Det er kanskje inga urettvis anklage mot oss at vi til tider har vore meir opptatt av vekst og kvantitet enn av arbeidets kvalitative innhald. Den teknologiske utviklinga har gjort den diskusjonen meir påtrengjande nødvendig.

370

Det har vore meininga at det skulle framgå av det eg til nå har sagt, at vi finn det særleg nødvendig og i pakt med tida å gå ut i eit offensivt forsvar for solidariteten. Først av alt skal det understrekast at solidariteten har ein internasjonal dimensjon. Her står vi på klassisk grunn. Arbeidarar i alle land, var adressa for sosialismens budskap. Vi treng ikkje bruke mange ord på å argumentere for at solidaritetens internasjonale dimensjon er påtrengjande aktuell. Det er vanskeleg å tenke seg at den demokratiske sosialismen skal kunne halde på sin appell til dei mange og til dei komande generasjonane, utan at vi er

375

380 konsekvente talsmenn for at solidariteten må omfate alle menneske.  
Solidariteten vil knyte nye lojalitetar mellom oss og nye grupper og nye  
generasjonar gjennom den moralske appellen som ligg i evna til å kjenne  
medkjensle, brorskap og søsterskap. Men like viktig er det for oss å vise at  
solidariteten også er basert på eigen interesse. Vi treng alle solidaritet fordi vi alle  
385 på eitt eller anna tidspunkt i livet er svake. Solidariteten er ikkje berre filantropi.  
Den vart smidd som våpen i arbeidarklassas kamp for eigne interesser. Samhold  
gir styrke og makt. Ein kvar er ikkje si eiga lykkjes smed.

Like vesentleg er det vi i programmet har kalla at solidariteten er grunna på  
390 innsikt. Det er innsikta om at fellesskapets beste ikkje automatisk er summen av  
eigne eigne egoistiske handlingar. Det er ein lærdom som har fått ny aktualitet.  
Vi er tilbake til vilkåra for den kollektive forstanden i vårt samfunn. Og da er det  
tid for å understreke at dette problemet også har ei kvalitativ side.  
Fellesskapsløysingar og -handlingar er ikkje pr. definisjon gode. Dei kan vere  
395 byråkratiske, ufullkomne og undertrykkande. Ikkje alle kritikk frå høgre side er  
dum. Folk er ikkje dumme. Dei ser at på mange område er dei kollektive  
løysingane så utilstrekkelege at dei private er betre. Helst skal dei vere slik at  
individa bruker og aksepterer fellesskapsløysingane fordi dei ser at dei er i eiga  
interesse. La oss ta to daglegdagse eksempel som er gode fordi dei gjeld dei mest  
400 rasjonelle av oss alle, nemleg barn. Ein stad i det europeiske fellesskapet oppdaga  
dei at det vart eit problem at skolebarna fekk lus. Eit fellesskap bestemte så at  
alle barn som hadde lus, måtte vere borte frå skolen. Det var ei dårleg  
fellesskapsavgjerd fordi det førte til at lus vart handelsvare. Og omsetninga var  
rivande. Ei god fellesskapsavgjerd er den norske flaskepanten. Den gir oss  
405 automatisk ein hær av tusenvis av unge renovasjonsarbeidarar som driv aktivt  
miljøarbeid for oss alle, og som handlar i eiga interesse.

Så mykje om grunnsyndelen i programmet. Det er den som har hovudansvaret  
for at dette programmet er meir omfangsrikt enn alle likar. Vi meiner det er  
410 nødvendig og nyttig å legge stor vekt på grunnsynsdelen denne gongen. Dei  
utfordringane våre motstandarar stiller oss, er i stor monn ideologiske  
utfordringar. Skal vi knyte nye lojalitetar mellom oss og dei mange som nå er  
framande til oss fordi dei ikkje arvar dei automatisk lenger, må det i stor monn  
skje gjennom våre verdiar og det ansiktet som ideane gir oss.

415 Vi har lagt stor vekt på å lage eit udogmatisk program. Reformismen er berre eit  
godt prinsipp for omforming av samfunnet dersom reformene har mål og

420 meining. Men reformisme er også ein veg til å vinne ny kunnskap om  
samfunnet. Enda mindre enn før har vi råd til å vere dogmatiske. Dette  
samfunnet blir meir og meir innfløkt. Mindre og mindre er vegen fram ei  
snorrett line mellom to punkt. Alle vi som arbeider med praktiske reformer i dei  
store og omfatande offentlege sektorane, ser at vi ofte får heilt andre verknader  
425 av våre tiltak enn vi hadde meint. Samanhengen mellom mål og handling er blitt  
meir komplisert. Vi treng meir fantasi og evne til nytenking for å finne dei nye  
reformene. Men vi treng også meir evne og mot til å forkaste det vi tidlegare har  
gjort, dersom det ikkje vart som det var tenkt. Vi har mykje prestisje å kvitte oss  
med av det vi har investert i det beståande. Arbeidarrørsla har alltid vore  
430 samfunnskritisk. Det er ein viktig tradisjon som vi skal ta vare på. For det er  
kritikken og kampen mot det skeive og skakke som gir oss handlekraft og  
samfunnet dynamikk. Det gode og positive er ikkje så omformande mellom  
anna fordi vi er nokså usamnde om kva som er godt og positivt. La oss slå eit slag  
for vår evne til å utøve samfunnskritikk. Men samfunnskritikken må også  
omfate evnen til å utøve sjølvkritikk.

435 Å skrive prinsippprogram er ein slags politisk orienteringsløp. Det kan vi ikkje  
gjere utan å nytte tid og omtanke på å finne ut kvar vi står. Del nr. 2 av  
prinsippprogrammet er det som på fint språk heiter ei samfunnsanalyse. Vi  
prøver å trekke dei lange linene i norsk samfunnsutvikling i fortid, nåtid og inn.i  
440 ei usikker framtid. I denne delen vil de også finne hovudgrunnane til at vi i dag  
drøfter eit nytt prinsippprogram for partiet. 70-åra brakte mykje nytt. Framtida  
er ikkje det ho var. Sidan sist vi skreiv program har natur- og ressursproblema  
blitt eit hovudtema i politikken. Vi har sett at veksten har kostnader. Samfunnet  
har fått nye store styringsproblem. Freds- og nedrustningsoppgavene er blitt  
445 enda meir brennande. Vi har gått inn i oljealderen. Sidan sist har vi lært oss  
omgrepet "ny økonomisk verdensordning". Ny teknologi set nye utfordringar.

Den siste hovuddelen av programmet er retningslinene for vår politikk. Dei nye  
utfordringane tilseier at vi skulle ha nye og viktige ting å seie om vår politikk på  
450 ulike område. De vil finne slike nye innkast i avsnitta om internasjonalt arbeid,  
forvaltning av miljø og ressursar, arbeidets organisering og oljepolitikken. Sidan  
sist vi skreiv program har likestillingsarbeidet mellom kvinne og mann fått heilt  
ny tyngde og gitt oss grunn til å sette opp nye djerve Mål. Det er kome inn eit  
nytt avsnitt om livssyn og tru som har interessert mange. Kulturpolitikken kjem  
455 til å få ny breidde og nye dimensjonar i 80-åra. Det er nå opp til landsmøtet å  
seie si meining om desse nye retningslinene. Og la meg understreke at like viktig

som å gjere seg opp ei meining om det som står, er det å ha oppfatningar om det som ikkje står i programmet, men som kanskje burde ha gjort det.

460

Eg vil gjerne nemne eitt område der eg for min del meiner at vi ikkje har kome langt nok i denne programhandsaminga. Det gjeld området økonomisk demokrati og eigedomsrett. Innstillinga frå Skytøen-komiteen har fortenestfullt utløyst ein ny viktig debatt og gitt oss nye mål å arbeide mot. Samstundes er det klart at vi ikkje kan kome særleg langt vidare utan at vi nå får eit breitt engasjement frå den politiske og faglege arbeidarrørsla om desse spørsmåla. Dei har alltid vore heilt sentrale for Arbeiderpartiet. Vi får kanskje registrere at dette er den første programhandsaminga i partiets historie der vi ikkje har ein debatt om kva vi skal gjere med kredittinstitusjonane. Årsaka til det er den heilt rette:

470

Vi har gjort noe med kredittinstitusjonane. Men vi har ikkje greidd å føre fram i tilstrekkeleg breidde ein debatt om det økonomiske demokratiet. På fleire punkt ligg vi etter våre naboland når det gjeld å diskutere kapitaltilgangen og -forvaltninga i vårt samfunn. I dette programmet slår vi fast ei viktig retningsline som m.a. er eit resultat av vårt arbeid med kredittinstitusjonane: Vi ønskjer større mangfald og fleire alternativ i produksjonslivet når det gjeld eigedom, organisering og styring. Vi har nå ei viktig oppgave i den komande landsmøteperioden i å gi dette prinsippet liv og blod. Nye merkesteinar skal reisast. Vi kjem ikkje til å kunne greie det utan eit sterkare engasjement frå grasrota i arbeidarrørsla også om slike spørsmål.

480

Prinsippprogrammet er ingen intellektuell leik med ord. Det skal først og fremst vere eit grunnlag for handling. Programmet er verdiløst dersom vi ikkje har makt til å gjennomføre det. Vårt viktigaste reidskap for det er partiet. Den sterke vekt programmet legg på evne til kollektiv handling har også adresse til partiet og partiorganisasjonen. Mange har dei siste åra sett med otte på at partiet skulle bli meir ein diskusjonsklubb og mindre eit handlingsfellesskap. Vi har grunn til å skjerpe vår evne til handling i alle ledd av partiet og på alle nivå i vårt styringssystem. Dette programmet har vore verd å lage dersom det kan yte eit lite bidrag til å betre vår evne til målretta, koordinert handling. Vi har ingen sjanse til å gjenreise dette samfunnets evne til kollektiv handling dersom vi ikkje også betrar partiets evne til å handle som eit samla fellesskap. Ein levande diskusjon vil auke vår handlekraft fordi diskusjonen gjer det lettare for oss alle å underordne våre eigne standpunkt og syne ein kollektiv vilje. Nå er tid for å understreke nettopp det.

495

500 Dette programmet har også vore verd å lage dersom det kan bidra til å gjenreise respekten for våre eigne verdier. Dei er ikkje antikvitetar. Vi har prøvd å vise at 80- og 90-åras utfordringar gir grunn til å gå inn i forsvaret av desse verdiane med fornya styrke. Det er ikkje slik at verdiane og ideologiane er døde. Vi kan tvert om registrere ny interesse for dei meir langsiktige spørsmåla i det menneskelege tilveret, ikkje minst blant unge menneske. Det er eit problem for den norske demokratiske sosialismen at så mykje av denne interessa nå vender seg mot religion, meditasjon og mystikk, og så lite mot rasjonell politisk handling. Vi har prøvd å ta vare på den udiskutable arven i norsk arbeidarrørsle som vi kan kalle respekt for kunnskap og innsikt. Samstundes er dette programmet ei oppmoding til å tenke sjølv. Vi skal ikkje la oss dupere av dei mange både til høgre og venstre som nå tilbyr ferdigsydde formalar for løysing av framtidens kompliserte problem. Som det står i 1. Korintarbrief: Herren kjenner tankane åt dei vise og veit at dei er tomme. Det norske Arbeiderpartis prinsippprogram skal vere basert på vanlege menneskes evne til å orientere seg i tilveret. Vi ville lage eit program som kunne vere ei utfordring for dei særleg interesserte og for dei som kan rekrutterast til aktivt politisk arbeid gjennom idear. Men vårt program kan aldri bli eit program berre for ein elite.

515 Så ville det vere det mest tilfredsstillande resultatet av vårt arbeid om vi kunne seie at dette programmet kan bli eit bidrag til å styrke dette partiets sjølvrespekt. Dette partiet som har ytt sin vesentlegaste historiske innsats ved å gi vanlege menneske høve til å rette ryggen og kjenne sjølvrespekt, har i dei seinaste tidene hatt problem med sin eigen sjølvrespekt. Det vil sikkert vere delte oppfatningar om i kva grad programkomiteen har lykkast i å skrive eit program som har appell til mange. Men det har vore eindel av vårt arbeid å studere programutkastane frå dei andre partia her i landet. Den delen av arbeidet har i alle fall styrkt vår sjølvrespekt. Dei som dei siste månadene har skrive sosialdemokratiets nekrolog, 520 har ikkje hatt evna til å gå inn i si tid. 80- og 90-åra vil vere stimulerande arbeidsmark for dei som vil verne og styrke solidaritetens plass i det norske samfunnet. Det er ei oppgave som kallar på ny innsats. Det er ingen andre som kan ta vare på den oppgava enn vi. La oss utnytte den nye optimismen og innsatsviljen som nå pregar partiet til å vise at vi fører ein strid, ikkje på vegner 530 av personar og ut frå eit ønske om makt. Vi gjer det først og fremst fordi vårt grunnsyn og våre idear fortener ein sjanse til å bli retningsvisande også for dei komande generasjonane som skal leve i dette landet. I det perspektivet er valet i år berre ein episode. Men det er ein viktig episode. Og vi skal tvinge alle som har skrive nekrologar til å ete dei i seg att, ord for ord.

Prinsippprogrammet har 117 avsnitt. Det 118'de kunne vere kort, enkelt og ein naturleg følgje av alle dei andre: TIL KAMP, KAMERATER.

540

**Kilde**

Protokoll over forhandlingene på DNA's 48. ordinære landsmøte 2.-5. april 1981.

**Emner**

Landsmøtetale, Partipolitikk, Solidaritet, Sosialisme

545

**URI**

<https://www.virksommeord.no/tale/for-huset-brenn-ned>

550

555

560

565

570